



Sunnfjord kommune
arkivnummer 19/12

Leikanger 05.11.2019

Dette brevet vert sendt på vegne av: Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Indre Sunnfjord Turlag, Naturvernforbundet i Indre Sunnfjord, og Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane.

Fråsegn til kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Sunnfjord kommune

Vi viser til offentlig ettersyn av plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Sunnfjord kommune 2020 – 2023, med frist for merknadar innan 07.11.2019. Vi gir her felles innspel til planen. Tilvising til referansar er løyst fortløpande i teksten eller med fotnotar.

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF) er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar på fylkesnivå. Føremålet med FNF er å styrke arbeidet til organisasjonane med å ta vare på natur- og friluftslivsinteressene i dei enkelte fylka.

Innleiingsvis viser vi til eit sitat frå organisasjonen «Norsk friluftsliv», om at «*natur er en grunnleggende forutsetning for utøvelse av friluftsliv. Å bevare verdifull natur og forvalte den på en bærekraftig måte er derfor en naturlig del av friluftslivet*»¹. FNF Sogn og Fjordane støttar denne utsegnen, som ein grunnleggande føresetnad for friluftsliv og folkehelse, og som det viktigaste og mest vesentlege tiltaket ein kan legge til rette for i ein kommunal plan. Difor ønsker vi å gi ros til Sunnfjord kommune for å peike på at denne «planen må vere med som eit av grunnlaga for kommuneplanen sin arealdel og koordinerast eller bli ein del av samfunnsdelen til kommuneplanen», med vidare, under avsnittet om forholdet til andre planer.

¹ <https://www.norskfriluftsliv.no/vimenerarealplanlegging/>

Planen inneheld mykje bra, og har med seg mange viktige tiltak for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv på generelt grunnlag. Vi skal difor forsterke det som allereie er bra, samstundes som vi vil peike på manglar og freiste å balansere fleire omsyn i føremålet med planen, på ein måte som kan auke fysisk aktivitet gjennom friluftsliv i natur.

I føremålet er det kommentert at det viktigaste med planen er «at den skal gje eit grunnlag for å kunne prioritere og å søkje spelemidlar til idrett- og friluftslivsanlegg i år 2020». Det er vidare peika på at planen skal vere innretta for handling, men hovudfokuset i planen ligg altso på anlegg.

Difor vil vi her først berre legge vekt på at friluftslivsanlegg først og fremst skal vere universelt utforma, slik at dei særleg kan nyttast av personar med nedsett funksjonsevne, og at dei verkar inkluderande og integrerande. Vi snakkar her om «nærmiljøanlegg», slik dei er definert i planen, og utelet i vår fråsegn å kommentere alle andre anlegg knytt til trening eller konkurranse i den organiserte idretten. Der ein vel å legge til rette for universell utforming bør ein gjere det naturvenleg. Her viser vi til publikasjonen «Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv²», hos Miljødirektoratet.

Så går vi raskt over til dei omsyna vi ønsker å balansere. Planen nemner den statlege definisjonen av friluftsliv: «*Friluftsliv defineres som opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse*»³. Miljødirektoratet ber oss legge merke til at naturopplevinga er eit viktig element i friluftslivet⁴, og det er her vi vil at Sunnfjord kommune skal styrke tiltaka knytt til friluftsliv i planen.

Det er teke med eit fint avsnitt om friluftsområde og friområde, men vi saknar at føremålet for planen skal legge like stor vekt på tiltak som ikkje omhandlar anlegg eller spesiell tilrettelegging for friluftsliv. Det må med andre ord vere større vekt på naturen i seg sjølv, og at det er natur utan anna tilrettelegging enn at naturen er rett utanfor både bustader og institusjonar som skule, barnehage, arbeidsplassar, med vidare. Inngrepsfrie naturområde i nærmiljøet bør difor få større plass i ein temaplan for fysisk aktivitet og friluftsliv.

Her oppmodar vi også Sunnfjord kommune til å søke å påverke spelemiddelordninga hos Norsk Tipping, gjennom samarbeid med Stortinget, slik at overskotet frå speleverksemda skal bli fordelt meir rettferdig mellom tiltak høvesvis for idrett og friluftsliv. Om vi forstår det rett, er friluftsliv definert inn i den delen på 18 prosent som går til kulturformål, mens

² <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2019/mai-2019/naturvennlig-tilrettelegging-for-friluftsliv/>

³

<https://www.regjeringen.no/contentassets/9147361515a74ec8822c8dac5f43a95a/no/pdfs/stm201520160018000ddpdfs.pdf>

⁴ <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arealplanlegging/miljohensyn-i-arealplanlegging/friluftsliv/friluftsliv-i-arealplanlegging/>

idrettsformål får heile 64 prosent av overskotet. Sidan det blir lagt så stor vekt på tilskot til anlegg, tolkar vi det slik at omsyn til ekte friluftsliv får svært liten plass i ein plan som dette.

I avsnittet om utviklingstrekk vises det til studien «Sosial ulikhet i helse: En norsk kunnskapsoversikt⁵», som syner at det er betydelege sosiale forskjellar i samfunnet. Sunnfjord kommune peikar på at «den forma for fysisk aktivitet der sosiale forskjellar i minst grad gjer seg gjeldande, er friluftsliv». Vidare seier planen at lågterskel friluftsliv i nærmiljøet vil bidra både til å utjamne dei nemnte sosiale forskjellane, og auka kvardagsaktiviteten. Vi ønsker å forsterke dette enda meir i ein revidert plan, og viser attende til vår kommentar om ein betre og meir rettferdig fordeling av spelemidlane mellom idrett og friluftsliv. Samstundes ønsker vi at kommunen får handlingsrom til velje å ta vare på naturgrunnlaget og legge til rette for naturopplevingar i inngrepsfri natur. Difor oppmodar vi Sunnfjord kommune til å sjå på ulike mogelegheiter for å gjennomføre delmål 2, under avsnittet om idretts- og friluftslivspolitikkk, om at fleire plassar må få vere inngrepsfrie og at mangfaldet i friluftslivet må sikrast. Dette kan gjerast i samband med å etablere forpliktande samspel mellom kommunen, nærmiljøråda, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet, som har vorte kommentert i avsnittet om strategiar. Kanskje kan ein freiste å få delar av spelemidla øyremerkt til det naturlege ekte friluftslivet.

Born og unge treng tilgang til natur rett utanfor bustaden sin, også utanfor til dømes barnehagar og skular, og dei må få god tid og lov til å leike. I følgje ein studie utført av Margrete Skar med fleire⁶, blir sosiale faktorar relatert til tidspress vurdert som meir avgjerande barrierar enn miljøfaktorar som tilgjengelegheit. Med andre ord er det svært viktig at om born ikkje får lov til å leike i inngrepsfri natur fordi foreldra har lita tid, så kan frivillige lag og organisasjonar spele ei rolle her. Vi vil oppmoda foreldre til å tørre å sleppe borna sine inn i den inngrepsfrie naturen, framfor meir tilrettelegging og oppfølging.

Vi bør samarbeide om ei endring i korleis vi disponerer fritida til borna, og korleis vi bidreg til å skapa deira relasjon til fysisk aktivitet, friluftsliv og natur. Born bør få lære om berekraft gjennom sunne naturlege aktivitetar som kan vere tilgjengeleg rett utanfor døra, og som ikkje krev tilrettelagt areal eller spesielt utstyr, framfor meir fokus på aktivitetar på asfalt, i ballbingar og på kunstbanedekke. Difor kan involvering av foreldre vere eit tiltak for å endre fokus og tankegang hos dei vaksne, ved å flytte fokus frå anlegg og utstyr over til bruk av nærmiljø som hovudarena for fysisk aktivitet. Eit døme kan vere å etablere eit forum for læring og tradisjonell leik, og sosialt samvær på tvers av generasjonar. Det kan vere ein fin arena for kunnskapsformidling, styrking av fellesskap, og utvisking av forskjellar mellom samfunnsgrupper. Ein bør senke terskelen for innhald i aktivitetar. Uorganisert fellesleik som

5

<file:///C:/Users/ove/Downloads/Sosial%20ulikhet%20i%20helse%20En%20norsk%20kunnskapsoversikt.%20Ho vedrapport.pdf>

⁶ <https://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/14729679.2016.1140587?scroll=top&needAccess=true>

spark på boks, gøyemelek og ball-leikar er gode døme på aktivitetar, som bør få fokus i planen.

I avsnittet om «vurdering av aktivitet og framtidig behov» er arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde nemnt. Vi oppmodar Sunnfjord kommune til å inkludere konkrete føresegner for korleis kunnskapsgrunnlaget frå kartlegginga skal verte inkludert i arealdelen, og oppdatere både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen etter kvart som dette arbeidet blir ferdig.

«Senter for friskliv og frivillighet» i Førde, som har aktivitetar både innandørs og utandørs, er eit godt tilbod som bør bli halde oppe og utvikla vidare, og samstundes gjort tilgjengeleg for alle delar av den nye kommunen. Det er viktig å halde oppe eit godt desentralisert tilbod, sjølv om kommunane vert slege saman. Her kan ein også vurdere å etablere fleire konkrete friluftslivsaktivitetar i naturen, gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Så vil vi gjere merksam på nokre setningar om «naturbasert reiseliv», som er teke inn i samband med omtala av friluftsliv på side 13 i temaplanen. I planforslaget står det at «det ein tilrettelegg for turistar, kjem ofte lokale til gode også». Vi oppmodar Sunnfjord kommune til å ha fokus på lokalbefolkninga sitt behov og planlegge for det, framfor turistar sitt behov. I tillegg bør ein skilje omtale av «friluftsliv» frå omtale av «naturbasert reiseliv». Vi meiner også at «naturbasert reiseliv» som næring ikkje bør vere eit punkt i denne temaplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, jfr. prosesskrava i plan- og bygningslova kapittel 11.

Denne kommunale temaplanen skal innehalde både handlingsprogram med prioriteringar og ein langsiktig plan. Vi har her lagt vekt på lågterskel friluftslivsaktivitetar i ekte inngrepsfri natur, som vi meiner bør få like stor plass i planen, som fokuset på anlegg, organiserte aktivitetar og idrett.

Difor vil vi til slutt her understreke betydninga av ei slik prioritering, ved å peike på behovet for å tenke annleis i planlegginga. I 1993 trådte konvensjonen om biologisk mangfald i kraft. Hovudmålet for 2020 var:

Effektiv og umiddelbar handling for å stanse tapet av biologisk mangfald for å sikre at økosystemene i 2020 er robuste og leverer livsviktige økosystemtjenester til folk, og derved bevarer klodens livsvariasjon og bidrar til menneskelig utvikling og velferd og til bekjempelse av fattigdom⁷.

Eit av delmåla understreka særleg rollen til lokalbefolkninga og deira lokale erfaringsbaserte kunnskap, for å bevare naturmangfaldet og økosystema. Den siste rapporten frå det

⁷ <https://www.regjeringen.no/contentassets/2395e3d57fce400ab42e4aeb4417732c/t-1526.pdf>


internasjonale naturpanelet IPBES i 2019⁸ bekreftar at arealendringar, som fører til tap av biologisk mangfald og svekking av økosystema, framleis ikkje har vorte stogga. Naturpanelet hevdar at samfunns mål for 2030, og vidare, berre kan bli oppnådd gjennom transformativ endringar på tvers av økonomiske, sosiale, politiske og teknologiske faktorar. Difor er det å legge til rette for fysisk aktivitet og friluftsliv i inngrepsfri natur det aller beste tiltaket i denne temaplanen.

Kort oppsummering

Leik, læring, aktivitet og friluftsliv i inngrepsfri natur bør få større plass i planen. Ein bør senke terskelen for innhald i aktivitetar. Uorganisert felleisleik som spark på boks og gøymeleik er døme på gode aktivitetar, og ein bør involvere foreldre og frivillige lag og organisasjonar for å bruke nærmiljø som hovudarena for fysisk aktivitet. Det er den kortaste vegen til fysisk aktivitet og god folkehelse. Hovudmålet i konvensjonen om biologisk mangfald må bli prioritert.

Med venleg helsing for
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF)

Elisabeth Dahle, fylkeskoordinator



Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane
Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger
Tel.: 480 20 532 Org.nr. 912 265 722
www.fnf-nett.no/sognogfjordane
sognogfjordane@fnf-nett.no

⁸ https://www.ipbes.net/sites/default/files/downloads/spm_unedited_advance_for_posting_htn.pdf